



Statsforvaltaren i Rogaland

Tilsynsrapport

Kommunen som barnehagemyndede si handtering av dispensasjonar

Time kommune



Innhald

1 Samandrag	2
2. Innleiing og tema for tilsynet	3
3. Kort om Time kommune	3
4. Kommunen som barnehagemynde si handtering av dispensasjonar frå utdanningskravet	3
4.1 Opplyser barnehagemynda saka tilstrekkeleg før dei vurderer ein søknad frå barnehageeigaren om dispensasjon?	3
Rettslege krav	3
Vår konklusjon.....	5
4.2 Vurderer kommunen som barnehagemynde at stillinga har vore offentleg lyst ut, og at det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar?	5
Rettslege krav	5
Vår konklusjon.....	6
4.3 Vurderer kommunen som barnehagemynde dei reelle kvalifikasjonane til den som barnehageeigaren søker dispensasjon for	6
Rettslege krav	6
Vår konklusjon.....	7
4.4 Gjer kommunen som barnehagemynde vedtak om innvilging av dispensasjonar som viser kva barnehage det gjeld, kven dispensasjonen gjeld for, og kva stilling det dreier seg om?.....	8
Rettslege krav	8
Vår konklusjon.....	8
4.5 Gjer kommunen som barnehagemynde vedtak som varer i inntil eitt år om gongen	8
Rettslege krav	8
Vår konklusjon.....	8
4.6 Gjer kommunen som barnehagemynde vedtak med rimelege og relevante vilkår dersom dei stiller vilkår	9
Rettslege krav	9
Vår konklusjon.....	9
6. Kommunen som barnehagemynde si handtering av dispensasjonar frå pedagognorma	10
7. Våre reaksjonar	10
8. Erklæring og utgreiing om korleis pålegg er retta.....	10
9. De har rett til å klage.....	11

1 Samandrag

I denne rapporten presenterer vi våre vurderingar og konklusjonar i tilsynet med Time kommune. Tema for tilsynet er kommunen som barnehagemynde si handtering av dispensasjonar. Vi har avdekt brot på regelverket og vedtar at de må rette forholda. Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Tilsynet er ein del av felles nasjonalt tilsyn 2026.

Vi skal kontrollere om kommunen som offentleg mynde behandlar søknader om dispensasjonar etter barnehagelova og forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjonar i barnehagar, i tråd med regelverket. Vi har avdekt at det kan vera brot på regelverket og varslar at de må retta forholda. Dette er eit varsel om vedtak, jf. forvaltningslova § 16. De har rett til å uttale dykk før eit eventuelt vedtak.

I tilsynet konkluderer vi med innsendte søknader om dispensasjon inneheld fråsegna frå styrar som bidreg med relevant og viktig informasjon som barnehagemynda nyttar i vurderinga. Samstundes manglar det sentral informasjon og dokumentasjon i sakene. Mellom anna er det ikkje gitt ei tilstrekkeleg grundig beskriving av barnegruppa og rammene rundt det pedagogiske tilbodet, noko som er sentralt for å få eit heilskapleg og nyansert bilde av barna sine behov. På denne bakgrunn er vår vurdering at kommunen ikkje har sørga for at dispensasjonssakene er tilstrekkeleg opplyste før vedtak blir fatta.

Vidare konkluderer vi med at Time kommune ikkje har innhenta tilstrekkeleg dokumentasjon til å kunne vurdere om stillingane har vore offentleg lyst ut, og om det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar, slik regelverket krev. Etter vår vurdering har kommunen heller ikkje i tilstrekkeleg grad gjort ei sjølvstendig og konkret vurdering av dei reelle kvalifikasjonane til den kandidaten det er søkt dispensasjon for.

Når det gjeld sjølve vedtaka om innvilging av dispensasjon, viser dei på ein tilfredsstillande måte kva barnehage vedtaka gjeld, kven dispensasjonen er gitt for, og kva stilling han omfattar. Kommunen gjer og vedtak med ei varigheit på inntil eitt år om gongen, i samsvar med regelverket. Kommunen nyttar òg regelverket til å stille vilkår som i hovudsak er relevante for dispensasjonen. Vilkåra er retta mot å sikre fagleg oppfølging og mellombels bruk av dispensasjon, og ligg innanfor dei rammene regelverket opnar for.

Når det gjeld Time kommune si handtering av dispensasjonar frå pedagognorma, opplyser kommunen at dei ikkje har mottatt søknader av denne typen, og at området difor er vurdert som låg risiko. På denne bakgrunnen er det ikkje etablert eigne rutinar, og Statsforvaltaren vurderer difor ikkje dette temaet på noverande tidspunkt.

2. Innleiing og tema for tilsynet

Vi fører tilsyn med Time kommune som barnehagemynde jf. barnehagelova §§ 54 og 55

I tilsyn kontrollerer vi om kommunen følger regelverket i barnehagelova. Tema for tilsynet er Time kommune som barnehagemynde si handtering av dispensasjonar etter barnehagelova og forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjonar i barnehagar. Under dette tema undersøker vi:

- I. Kommunen si behandling av søknader om dispensasjon frå utdanningskravet
- II. Kommunen si behandling av søknader om dispensasjon frå pedagognorma

Tilsyna våre er utøving av offentleg mynde. Det gjer at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om behandlinga vår av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

Vi opna tilsynet 03.03.2026. Vi har fått nok informasjon til å gjennomføre tilsynet.

Vi sende førebels rapport til dykk 30.04.2026 der vi presenterte våre førebelse vurderingar og konklusjonar. Vi fekk tilbakemelding på den førebelse tilsynsrapporten den 18.05.2026.

Tilsynsrapporten er eit offentleg dokument.

3. Kort om Time kommune

Time kommune har i underkant av 20 500 innbyggjarar ([SSB](#)). Kommunen har 16 barnehagar, 8 kommunale, og 8 private (50,0 %) [Analysebrettet.no](#) . Av desse er det 8 barnehagar (50,0 %) som har dispensasjon frå utdanningskravet i følge (ibid)

Time kommune er valt ut etter risikovurdering som byggjer på informasjon vi har frå ulike kjelder.

4. Kommunen som barnehagemynde si handtering av dispensasjonar frå utdanningskravet

4.1 Opplyser barnehagemynda saka tilstrekkeleg før dei vurderer ein søknad frå barnehageeigaren om dispensasjon?

Rettslege krav

Barnehagelova stiller krav om utdanning for pedagogisk leiar for å sikre at personalet har nødvendig kompetanse. Det er barnehageeigaren som er ansvarleg for at barnehagen har ei forsvarleg pedagogisk bemanning, og det er derfor barnehageeigaren som kan søkje om dispensasjon frå utdanningskravet, jf. forskrifta § 3, jf. barnehagelova § 25. Det er

barnehageeigaren sitt ansvar å leggje fram nødvendig dokumentasjon for å underbygge søknaden. Ei fråsegn frå styraren skal vere lagd ved søknaden.

Kommunen som barnehagemynde er ansvarleg for å opplyse saka og må kontrollere at søknaden inneheld nødvendig informasjon, jf. forvaltningslova § 17. Dette kan mellom anna vere:

- utlysingstekst
- utvida søkjarliste eller tilsvarande informasjon om søkjarane
- kvalifikasjonar til den som barnehageeigaren søker dispensasjon for

Våre observasjonar og vurderingar

Kommunen som barnehagemynde skriv i eigenvurderinga at dei har lagt til rette for at dispensasjonssaker blir tilstrekkeleg opplyste før vedtak fattast, mellom anna gjennom bruk av eit standardisert søknadsskjema som skal sikre innhenting av relevante opplysningar i tråd med krav i lov og forskrift. Søknadene som ligg ved saka nyttar eit slikt standardisert oppsett.

Kommunen opplyser vidare at dei som barnehagemynde ved behov kan be om supplerande dokumentasjon for å belyse saka nærare. Kvalifikasjonar til den det er søkt dispensasjon for, utlysingstekst og utvida søkjarliste/oversikt over søkjarar er døme på dokumentasjon som kan opplyse dispensasjonssaker og gi grunnlag for å vurdere om vilkåra er oppfylte.

Søknadene som er mottekne inneheld i alle tilfelle ei fråsegn frå styrar, der styrar har gjort ei vurdering av den kandidaten det blir søkt dispensasjon for i høve til stillinga. I søknadsskjemaet kjem det òg fram opplysningar om utdanning og erfaring. Tre av søknadene viser til vedlegg i form av fagbrev og CV, medan to opplyser at vedlegg vil bli ettersende. Isolert sett gir dette eit grunnlag for ei vurdering. Dokumentasjon som utdjupar og underbyggjer opplysningane i søknaden, og fråsegna frå styrar, bidreg med relevant og viktig informasjon som barnehagemyndakan nytte i si vurdering. Dette er avgjerande for å kunne gjere ei tydeleg, konkret og etterprøvbar vurdering opp mot hovudregelen om barnehagelærerutdanning for pedagogiske leiarar, og for å sikre at dispensasjon blir handsama som eit unntak som må vurderast individuelt i kvar enkelt sak.

I dei fleste søknadene blir det vist til kva for rettleiing og fagleg støtte den det blir søkt dispensasjon for skal få. Her vises blant anna kor mykje rettleiing vedkommande skal få, av kven og nokre gongar kva vedkommande skal være med på.

Utlysingstekst og utvida søkjarliste eller tilsvarande informasjon om søkjarane kan nyttast for å opplyse saka jf. forvaltningslova § 17. Kommunen hadde ikkje sendt inn stillingsannonse og utvida søkjarliste som del av dokumentasjonen i tilsynet. Statsforvaltaren etterspurde derfor etter slike opplysningar, og kommunen oversende da to stillingsannonsar. Kommunen opplyser at dei ikkje er konsekvente med å be om stillingsannonsar, at dei ikkje har praksis for å be om utvida søkjarliste men at dette er basert på tillit. Etter vår vurdering kan dette svekke myndigheita si kontroll av at stillinga faktisk har vore offentleg lyst ut og at det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar, slik forskrifta krev. Manglande innhenting av utlysingstekst og søkjaroversikt gjer det òg vanskeleg å kontrollere sentrale moment, som tidspunkt for utlysing, om stillinga har vore lyst ut fleire gonger, om utlysinga har hatt relevant innhald, og om det har gått lang tid mellom utlysing og søknad om dispensasjon.

For å få eit heilskapleg og nyansert bilde av behova i barnegruppa er det avgjerande at styrar gir ei grundig og konkret beskriving av gruppa og rammene rundt det pedagogiske tilbodet. Vi ser at barnehagen gir informasjon om tal på barn og alder. Samstundes manglar det informasjon om barnegruppa sine behov, eventuelle sårbarheiter og kva slags pedagogisk innhald og aktivitetar gruppa skal ha, til dømes trening med førskolegruppa eller andre særlege opplegg. Når slike forhold ikkje er nærare belyste, får kommunen som barnehagemynde avgrensa grunnlag for å vurdere korleis dispensasjonen kan verke inn på det pedagogiske tilbodet. Formålet med fråsegn frå styraren, er at mynden mellom anna kan få informasjon om barnegruppene si samansetning og behov. Manglande informasjon om barnegruppa gjer det vanskeleg å gjennomføre ei reell og konkret risikovurdering av om dispensasjonen kan svekkje barnehagen som pedagogisk verksemd og auke risikoen for at tilbodet ikkje er i samsvar med rammeplanen.

Kommunen opplyser at dei som barnehagemynde ved behov kan be om supplerande dokumentasjon for å belyse saka nærare. Vi finn ikkje i dokumentasjonen at dei har innhenta ytterlegare informasjon i desse sakene. Statsforvaltaren vil peike på ansvaret med å sørge for at saka er tilstrekkeleg opplyst, og for å kontrollere at søknaden inneheld den informasjonen som er nødvendig for å kunne gjere ei forsvarleg vurdering, jf. forvaltningslova § 17.

Vår konklusjon

Samla sett vurderer Statsforvaltaren at Time kommune som barnehagemynde ikkje har sørge for at sakane om dispensasjon er tilstrekkeleg opplyste før vedtak blir fatta.

4.2 Vurdere kommunen som barnehagemynde at stillinga har vore offentleg lyst ut, og at det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar?

Rettslege krav

Kommunen som barnehagemynde skal både vurdere om stillinga har vore offentleg lyst ut, og at det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar, jf. forskrifta § 3 første ledd, jf. barnehagelova § 25. Begge krava må vere oppfylte. Utlysingsteksten, talet på utlysingar, om utlysinga er offentleg tilgjengeleg, tidspunktet for utlysinga og søknadsfristen er moment som har noko å seie i vurderinga. Stillinga må vere lyst ut på ein slik måte at det blir allment kjent at stillinga er ledig, slik at moglege kandidatar får ei oppmoding til å søkje og til å melde interessa si.

Barnehageeigaren må kunne dokumentere å reelt ha vurdert søkjarane. Barnehageeigaren må kunne gjere greie for kvifor ein søkjar som oppfyller utdanningskravet, ikkje er tilsett, til dømes fordi personen ikkje er personleg eigna eller ikkje kan levere politiattest utan merknader som påverkar moglegheita for tilsetjing i barnehagar.

Våre observasjonar og vurderingar

Kommunen som barnehagemynde skriv i eigenmeldinga at dei legg til grunn opplysningar om rekrutteringsprosessen som blir gitt gjennom felte i søknadsskjemaet. Barnehageeigar skal mellom anna opplyse kvar stillinga har vore lyst ut, om ho har vore lyst ut fleire gonger, om utlysinga har vore offentleg tilgjengeleg og kor mange kvalifiserte søkjarar som har meldt seg. Dersom ein kvalifisert søkjar ikkje er tilsett, skal dette grunnrivast, og kommunen som barnehagemynde opplyser at dei vurderer om barnehageeigar har gjort ei reell og sakleg vurdering av søkjarane.

Kommunen opplyser samstundes at dei ikkje er konsekvent på å be om dokumentasjon knytt til stillingsutlysingar eller søkjarlister, og at det heller ikkje er etablert ein fast praksis for dette. Det blir vidare opplyst at vurderingane i stor grad er baserte på tillit til barnehageeigar.

Dette må sjåast i samheng med at gjennomgangen viser at vedtaka i liten grad synleggjer kva konkrete opplysningar eller dokumentasjon som er lagt til grunn for vurderinga av om stillingane har vore offentleg lyst ut, og om det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar, jf. forskrift om dispensasjon frå utdanningskravet § 3. Det går heller ikkje fram korleis desse vilkåra er kontrollerte og vurderte i den enkelte saka. Vurderingane i vedtaka står difor fram som lite etterprøvbare.

Kravet i regelverket gjeld òg i dei tilfella der talet på søkjarar er null. Når det ikkje har meldt seg søkjarar, blir det særleg relevant å vurdere om barnehageeigaren har gjennomført ei reell rekrutteringsinnsats. Dette kan gjelde om stillinga har vore lyst ut fleire gonger, kva kanalar som er nytta, og om utlysingsteksten og utforminga av utlysinga var eigna til å nå kvalifiserte søkjarar. Ei opplysning om at det «ikkje har meldt seg søkjarar» er i seg sjølv ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon på at vilkåra er oppfylte.

Etter barnehagelova § 25 og forskrifta § 3 er det eit vilkår at kommunen som barnehagemynde både vurderer om stillinga har vore offentleg lyst ut, og at det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar. Begge vilkåra må vere oppfylte. Når dokumentasjon knytt til utlysing og rekruttering ikkje ligg føre i sakene, eller ikkje er innhenta av barnehagemyndigheita, står sakane fram som mangelfullt opplyste før vedtak blir fatta. Dette har betydning for om kommunen som barnehagemynde har hatt eit tilstrekkeleg og forsvarleg grunnlag for å ta stilling til søknadene om dispensasjon i tråd med regelverket.

Vår konklusjon

Vår konklusjon er at kommunen som barnehagemynde ikkje i tilstrekkeleg grad har dokumentert eller synleggjort vurderinga av om stillingane har vore offentleg lyst ut, og om det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar, slik regelverket krev.

4.3 Vurderer kommunen som barnehagemynde dei reelle kvalifikasjonane til den som barnehageeigaren søker dispensasjon for

Rettslege krav

kommunen som barnehagemynde må vurdere dei reelle kvalifikasjonane til den som barnehageeigaren søker dispensasjon for, jf. forskrifta § 3 første ledd, jf. barnehagelova § 25. Relevante moment er kva utdanning og erfaring vedkommande har, kor lenge vedkommande har jobba i barnehagen, og med kva oppgåver. kommunen som barnehagemynde må vurdere om dei kan innvilge dispensasjon sett i lys av hovudregelen om at pedagogiske leiarar skal vere utdanna barnehagelærarar, og at barnehagen framleis skal vere ei pedagogisk verksemd. Dersom barnehagen ikkje har tilstrekkeleg pedagogisk bemanning, kan det innebere ein auka risiko for at barna ikkje får eit barnehagetilbod i samsvar med rammeplanen. kommunen som barnehagemynde må derfor vurdere om det er til det beste for barnet å innvilge dispensasjon, jf. barnehagelova § 3.

Våre observasjonar og vurderingar

Kommunen opplyser i eigenmeldinga at dei legg til grunn opplysningar som barnehageeigar gir i søknaden om dispensasjon, mellom anna om kandidaten si utdanning og arbeidserfaring. Som del av vurderinga blir det òg innhenta ei fråsegn frå styrar i den aktuelle barnehagen, som gir kommunen som barnehagemyndede eit grunnlag for å vurdere kandidaten sine kvalifikasjonar.

Gjennomgåande i dei vedtaka som er sende inn, har kommunen omtalt utdanning, erfaring og personlege eigenskapar hos den det er søkt dispensasjon for. Styrar si vurdering av kandidaten sine kvalifikasjonar frå søknaden står sentralt, og moment som relevant erfaring, kjennskap til barnehagen, arbeid med enkeltbarn og barnegrupper, samt samarbeid med føresette, er tekne med i vurderinga. Det går dermed fram at kommunen som barnehagemyndede har gjort nokre vurderingar knytte til den enkelte kandidaten sine kvalifikasjonar. Samstundes kjem dei samla kvalifikasjonane til kandidaten i avgrensa grad til syne i vedtaka. Det er eit potensial for tydelegare å synleggjere korleis erfaring og kompetanse er vurdert opp mot dei pedagogiske oppgåvene og ansvaret i stillinga, og korleis denne kompetansen samla sett kan kompensere for manglande barnehagelærarutdanning i dispensasjonsperioden.

kommunen som barnehagemyndede har i dispensasjonsvurderingane lagt vekt på samarbeid med utdanna pedagogar og etablerte rettleiingstiltak. Målet om å sikre at barnehagen framleis tilbyr eit pedagogisk tilbod i tråd med gjeldande regelverk og rammeplanen kunne vore gjort tydelegare.

I søknadene er opplysningane om barnegruppa i hovudsak framstilte på eit overordna og generelt nivå. Forhold som samansetninga av barnegruppa, eventuelle sårbarheiter eller konkrete pedagogiske krav og aktivitetar, til dømes knytt til førskuletrening eller andre særskilde opplegg, er i liten grad omtala. Dette gir kommunen som barnehagemyndede eit avgrensa grunnlag for å vurdere korleis dispensasjonen kan påverke det pedagogiske tilbodet og kvardagen til barna. Denne manglande konkretiseringa i søknadene speglar seg i vedtaka, der barnegruppa òg i hovudsak er omtala generelt. Det blir ofte vist til behov for stabilitet, tryggleik og god vaksenkontakt, samt at barna kjenner kandidaten frå før, utan at dette blir knytt til konkrete forhold ved barnegruppa. Dette samsvarer med vurderingane i kapittel 4.1, der det går fram at mangelfulle opplysningar om barnegruppa svekkjer moglegheita for ei reell og etterprøvbar vurdering.

I alle vedtaka er det konkludert med at dispensasjon er til det beste for barna, jf. barnehagelova § 3. Vurderinga er i hovudsak knytt til standarsetning om omsyn som stabilitet, kontinuitet og tryggleik for barna. Samstundes går det i avgrensa grad fram korleis vurderinga av barnets beste er gjort med utgangspunkt i ein samla og konkret vurdering av barnegruppa sine behov over tid. Det er heller ikkje synleggjort korleis barns medverknad, eller barna sine uttrykk og behov, er tekne inn i vurderinga.

Vår konklusjon

Samla konklusjon er at kommunen som barnehagemyndede ikkje i tilstrekkeleg grad har vurdert dei reelle kvalifikasjonane til den som barnehageeigaren søker dispensasjon for.

4.4 Gjer kommunen som barnehagemynde vedtak om innvilging av dispensasjonar som viser kva barnehage det gjeld, kven dispensasjonen gjeld for, og kva stilling det dreier seg om?

Rettslege krav

Vedtaket må innehalde informasjon om kven dispensasjonen gjeld for, at han gjeld stillinga som pedagogisk leiar, og at han gjeld i ein bestemd barnehage, jf. forskrifta § 3 tredje ledd, jf. barnehagelova § 25. Dispensasjonen er knytt til den personen barnehageeigaren søker dispensasjon for, så lenge vedkommande har den konkrete stillinga i den konkrete barnehagen. Dette inneber at dispensasjonen ikkje vil gjelde dersom vedkommande byter stilling eller barnehage.

Våre observasjonar og vurderingar

Alle vedtaka oppfyller krava ved at det klart går fram kven dispensasjonen gjeld for, at ho gjeld stilling som pedagogisk leiar, og kva barnehage dispensasjonen er knytt til. Dispensasjonane er tydeleg avgrensa til den konkrete personen, stillinga og barnehagen, og gir ikkje grunnlag for bruk utover dette.

Vår konklusjon

Vår konklusjon er at kommunen som barnehagemynde gjer vedtak om innvilging av dispensasjonar som viser kva barnehage det gjeld, kven dispensasjonen gjeld for, og kva stilling det dreier seg om

4.5 Gjer kommunen som barnehagemynde vedtak som varer i inntil eitt år om gongen

Rettslege krav

Barnehagemyndakan berre innvilge dispensasjonar som varer i inntil eitt år om gongen, jf. forskrifta § 3 første ledd, jf. barnehagelova § 25.

Våre observasjonar og vurderingar

I eigenvurderinga skriv kommunen at dei innvilgar dispensasjonar for inntil eitt år om gongen, i tråd med forskrifta. Varigheita blir vurdert konkret i kvar sak, basert på det behovet som er skildra i søknaden. Som hovudregel blir dispensasjon ikkje gitt utover starten av nytt barnehageår i august, då barnegrupper og bemanning ofte endrar seg, og rekrutteringsmoglegheitene vanlegvis er betre. re konklusjonar.

Innsendt dokumentasjon visar at to vedtak innvilga dispensasjon for eit år, medan dei andre var innvilga for om lag eit halvt år. Dispensasjonane blir avslutta ved utgangen av barnehageåret, noko som viser at varigheita er sett i samanheng med nytt barnehageår og endringar i barnegruppa.

Vår konklusjon

Vår konklusjon er at kommunen som barnehagemynde gjer vedtak som varer i inntil eitt år om gongen.

4.6 Gjer kommunen som barnehagemyndede vedtak med rimelege og relevante vilkår dersom dei stiller vilkår

Rettslege krav

Barnehagemyndakan stille vilkår for å sjå til at den som får dispensasjonen, kan utføre oppgåvene i tråd med regelverket, jf. forskrifta § 3 første ledd, jf. barnehagelova § 25. Vedtaket kan berre innehalde rimelege og relevante vilkår ut frå kompetansen til vedkommande, og vilkår om korleis barnehageeigaren må sikre at vedkommande blir i stand til å fylle stillinga. Vilkåra skal bidra til å redusere risikoen for at barna ikkje får eit barnehagetilbod i samsvar med regelverket som følgje av lågare pedagogisk bemanning. kommunen som barnehagemyndede må derfor vurdere kva som er til det beste for barnet, jf. barnehagelova§ 3.

Våre observasjonar og vurderingar

Kommunen opplyser i eigenvurderinga at dei stiller vilkår om at opplysningane i søknaden er korrekte, at den som får dispensasjon skal mota rettleiing i tråd med planen i søknaden, og at barnehageeigar skal arbeide aktivt for å rekruttere kvalifiserte barnehagelærarar. Det blir vidare kravd at samarbeidsutvalet i barnehagen er orientert om søknaden.

I vedtaka under overskrifta *Vilkår for vedtaket*, viser at kommunen har sett vilkår om:

- regelmessig rettleiing.
- opplysningane i søknaden må vera korrekte.
- barnehagen må arbeida aktivt for å få tak i kvalifiserte barnehagelærare.

Regelmessig rettleiing. Dette er eit relevant vilkår for å støtte den som får dispensasjon i rolla som pedagogisk leiar. Samstundes har vi tidlegare vurdert at i avgrensa grad kjem fram ei samla og sjølvstendig vurdering av dei reelle kvalifikasjonane sett opp mot rolla og ansvaret som ligg til stillinga som pedagogisk leiar. Viser her til avsnitt 4.3.

Det er sett vilkår om at opplysningane i søknaden må vere korrekte. Dette står i hovudsak fram som ei generell føresetnad for sakshandsaming, har avgrensa sjølvstendig rettsleg og fagleg betydning som vilkår knytt til dispensasjonen, og kan ikkje erstatte kommunen som barnehagemyndede si sjølvstendige plikt til å sørgje for at saka er tilstrekkeleg opplyst før vedtak blir fatta.

Vilkåret om at barnehagen skal arbeide aktivt for å rekruttere kvalifiserte barnehagelærare, er i tråd med føresetnaden om at dispensasjon skal vere ei mellombels løysing.

Vår konklusjon

Vår konklusjon er at kommunen som barnehagemyndede nyttar regelverket til å stille vilkår som i hovudsak er relevante for dispensasjonen. Vilkåra er retta inn mot å sikre fagleg oppfølging og mellombels bruk av dispensasjon, og ligg innanfor ramma av det regelverket opnar for.

6. Kommunen som barnehagemyndede si handtering av dispensasjonar frå pedagognorma

Når det gjeld Time kommune si handtering av dispensasjonar frå pedagognorma, opplyser kommunen at det så langt ikkje er mottatt søknader om dispensasjon etter denne ordninga. Området er på denne bakgrunnen vurdert som å ha låg risiko, og det er difor ikkje etablert egne rutinar for behandling av slike saker. Statsforvaltaren har difor ikkje vurdert temaet nærare på noverande tidspunkt, men legg til grunn at kommunen vil vurdere behovet for rutinar og oppfølging dersom det på eit seinare tidspunkt skulle bli aktuelt med søknader om dispensasjon.

7. Våre reaksjonar

Vi har avdekt brot på regelverket. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande forhold, jf. barnehagelova § 54, jf. kommunelova § 30-4:

Pålegg

Kommunen må handtera søknader om dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leder i samsvar med regelverket, jf. forskrifta, forvaltningslova og barnehagelova.

Time kommune må i denne samanheng sjå til at:

- a. dei opplyser saka tilstrekkeleg før dei vurderer ein søknad frå barnehageeigaren om dispensasjon
- b. dei vurderer om stillinga har vore offentleg lyst ut, og at det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar
- c. dei vurderer dei reelle kvalifikasjonane til den som barnehageeigaren søker dispensasjon for

8. Erklæring og utgreiing om korleis pålegg er retta

De skal iverksette tiltak for å rette brot på regelverket med det same. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de har retta. De skal erklære at rettinga er gjennomført og greie ut om korleis de har retta. De bør gjere greie for

- kva tiltak de har sett i verk eller planlegg å setje i verk for å rette regelverksbrotet
- korleis de planlegg å følgje med på at tiltaka blir sett i verk og regelverket blir følgt
- kva for interne fristar de har sett for å sikre framdrift og gjennomføring

Fristen for å rette forholda er 20.september 2026.

9. De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Viss de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå melding om brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klaga til oss. Vi har høve til å gjere om vedtaket. Viss vi ikkje er samde med dykk, sender vi klaga til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforma klaga.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klaga er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saka og har rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18.

Mette Sømme
Tilsynsleiar

Marie L. Sivertsen
rådgivar

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Statens Hus, Lagårdsveien 44, Pb 59, 4001 Stavanger | sfropost@statsforvalteren.no |

www.statsforvalteren.no/ro

